



Arkoconsult AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/450 - 18/10987

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

04.04.2018

Førespurnad i sak 16/450 gbnr 123/102 Risa

Viser til førespurnad på telefon 04.04.18

Opprinneleg løyve for bygging av tomannsbustad på eigedommen vart gjeve på grunnlag av at bygg var tilpassa eksisterande terrengforhold på eigedommen som tilsa at bygning kunne førast opp i 1 høgde + underetasje. I søknaden vart det skissert eit gjennomsnittleg planeringsnivå på kote + 25,8. Denne planeringshøgda samsvarer ganske bra med terrengkotar på eigedommen og synes å ivareta ein god massebalanse på eigedommen. Tiltaket vert på denne måten også tilfredsstillande tilpassa eksisterande bygningsmasse i området.

Søknad om endring av kotehøgde med +0,8 meter som vart avslått og førespurnad om endring på 0,65 meter synest å svekke desse kvalitetatane som var godt ivareteke ved opprinneleg søknad. Vi viser elles til tilbakemelding av 22.01.18 i saka.

Når det gjeld spørsmålet om kva føresegner det må søkast om dispensasjon frå må tiltaka på eigedommen vurderast i lys av §2.3 og 2.9 i reguleringsplanen.

I §2.3 i reguleringsføresegnene står det at der terrengforhold tilseier det, kan det oppførast bygningar i 1 høgde + underetasje. «Terrengforhold» viser til eksisterande situasjon og vil ikkje lenger gjelde dersom ein har etablert ein ny terrengsituasjon som følgje av tilførte massar. Ved tilføring av massar ville det være naturleg å etablere ei flat tomt og ikkje ei skrå tomt der gjennomsnittleg terrengnivå vert heva slik det kan sjå ut som er tilfellet her.

§2.9 i reguleringsføresegnene seier at tiltaka i planområdet skal tilpassast landskapet. Slik tiltaket er skissert i endringsmeldinga er det ikkje sikkert at dette lenger vert tilfelle, men det er vanskeleg å gjere ei fullstendig vurdering av dette då terrengprofil berre viser tilhøva på den aktuelle eigedommen og ikkje omgjevnadane.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Arkoconsult AS